

# **HAMNEREGLEMENT**

## **for Ryssholmen småbåthamn**

### § 1. Ferdsel.

All ferdsel på hamneområdet skal foregå på ein omynsfull måte slik at ein unngår å skade noko eller nokon.

### § 2. Hensetting.

Det er ikkje lovleg å sette frå seg private gjenstander på hamneområdet utan etter avtale med styret eller den i styret som styret har gitt fullmakt til slik avtale.

### § 3. Sikring av brygger.

Når ein båt plassert ute av bruk over lengre tid, skal det strekkast et tau eller liknande mellom endane på utliggarane for å stabilisere brygga mest mogleg. Dette er spesielt viktig haust- og vintermånadane.

### § 4. Avfall.

Det er ikkje lovleg å tømme avfall av noko slag i hamnebassenget. Alt avfall – herunder spesialavfall – skal straks takast med frå området av den enkelte. Plast- og papiravfall kan plasserast i stativ merka for slikt avfall i den grad det finst.

### § 5. Opptrekk.

Det er innført leigesatser for bruk av laget sine opptrekksinnretningar. Sjå oppslag på området.

### § 6. Endringar i båt plassbreidda kan berre gjerast i samråd med styret eller den av styret som styret har gitt myndigheit til slike endringar.

### § 7. Ikrafttreding.

Dette hamnereglementet trer i kraft frå det tidspunkt vedtak om dette er fatta. Frå same tidspunkt vert hamnereglement frå 1973 oppheva

Ulstein den 23.03 2009.

For årsmøtet i Ryssholmen båteigaralag 2009  
Arnulf Ulstein